



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 10.05.2022  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:00 - 15:30

### Møtedeltakarar:

| Medlemmer                   | Parti | Rolle        |
|-----------------------------|-------|--------------|
| Hege Eide Vik               | SP    | Ordførar     |
| Kjartan Haugsnes            | SV    | Varaordførar |
| Thor Andersen               | AP    | Medlem       |
| Lisa Natalie Johnsen Lunde  | AP    | Medlem       |
| Ole-Anders Brekklus         | AP    | Medlem       |
| Anne Christin Eide          | AP    | Medlem       |
| Boris Groth                 | FRP   | Medlem       |
| Erlend Hesjedal-Johannessen | H     | Medlem       |
| Amalie Johnsen Lunde        | H     | Medlem       |
| Edvin Hesjedal              | H     | Medlem       |
| Trond Olav Magnussen        | H     | Medlem       |
| Arne Normann                | KRF   | Medlem       |
| Ivar Rødland Bergo          | SP    | Medlem       |
| Renathe Vik                 | SP    | Medlem       |
| Line Kydland                | SV    | Medlem       |
| Evy Beate Kvamme            | SV    | Medlem       |
| Mona Grenasberg             | SV    | Medlem       |

| Varamedlemmer     | Parti | Rolle      |
|-------------------|-------|------------|
| Magne Hestad      | AP    | Varamedlem |
| Britt Brudvik     | AP    | Varamedlem |
| Eirik Haga        | AP    | Varamedlem |
| Karin B. Groth    | FRP   | Varamedlem |
| Torben Lilletvedt | H     | Varamedlem |
| Karin Nordheim    | SP    | Varamedlem |

| Forfall                  | Parti | Møtande varamedlem |
|--------------------------|-------|--------------------|
| Heidi Rongved            | AP    | Britt Brudvik      |
| Line Eide Vik            | SP    | Karin Nordheim     |
| Ståle Kallestad Hesjedal | AP    | Magne Hestad       |
| Trygve Jakobsen          | FRP   | Karin B. Groth     |



---

**Endringer for møtande representantar undervegs i møtet:**

Eirik Haga, Ap, møtte som vara for Lisa Johnsen Lunde, Ap i sak 39,40, 41.

Eirik Haga, Ap, møtte som vara for Magne Hestad, Ap i sak 48.

Torben Lilletvedt, H, møtte som vara for Amalie Johnsen Lunde, H, i sak 48.

Eirik Haga, Ap, møtte som vara for Ole Anders Brekkhus, Ap i sak 42,43,44,45,46,47,49,50,51.

**Andre møtande:**

Kommunedirektør Atle Fasteland

Kommunalsjef for DIS Åse Elin Myking

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen,

---

## Saksliste

| SAKSNR  | TITTEL   |
|---------|--|
| 39/2022 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE   |
| 40/2022 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL   |
| 41/2022 | REFERATSAKER OG MELDINGAR  |
| 48/2022 | STRUKTUR PÅ NÆRINGSARBEIDET I VAKSDAL KOMMUNE  |
| 42/2022 | TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2022 - 2025  |
| 43/2022 | BUDSJETTENDRING OMBYGGING INNBYGGARSERVICE   |
| 44/2022 | AUKE I FESTEAVGIFT FRÅ 1.1.2022  |
| 45/2022 | KLAGEHANDSAMING - DISPENSASJON FOR Å ETABLERE BILVEG TIL GARLIANE HYTTEFELT, GBNR. 78/1 M.FL., VAKSDAL KOMMUNE |
| 46/2022 | INNSTILLING TIL ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE ETTER OFFENTLEG HØYRING             |
| 47/2022 | STRATEGISK NÆRINGSPLAN 2022-2035   |
| 49/2022 | INTERPELLASJON - MAKSPRIS PÅ STRAUM  |
| 50/2022 | INTERPELLASJON - GRATIS SANITÆRPRODUKT VED SKULANE I VAKSDAL   |
| 51/2022 | INTERPELLASJON - KONTROLL AV BYGGPLASSAR MED VAKSDAL KOMMUNE SOM BYGGHERRE                                     |



**39/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

Kommunestyret samtykka til at sak 48/2022 vart flytta fram til før lunsj.

Innkalling og saksliste med merknad vart samrøystes godkjent.

**KOM - sak 39/2022 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**40/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

Samrøystes godkjent.

**KOM - sak 40/2022 Vedtak/Tilråding:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**41/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Kommunestyret 10.05.2022**



**Behandling:**

Kommunestyret stilte spørsmål og kom med merknader til referatsakene.

Kommunedirektøren svarte.

Referatsaker vart samrøystes teke til orientering.

**KOM - sak 41/2022 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

---

**48/2022: STRUKTUR PÅ NÆRINGSARBEIDET I VAKSDAL KOMMUNE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og vitalisering av Vaksdal Næringssselskap. Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022.

**FPØ 35/2022 - Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og endring av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:- Endring av dagens næringssselskap/selskapsstruktur.- Nye retningslinjer for eit eventuelt næringssselskap som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.»

**Forslag til vedtak frå Sp, SV og Høgre ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:**

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 23.08.2022 og KS 06.09.2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:

- Drøfting av dagens næringssselskap/selskapsstruktur.
- Nye retningslinjer for næringssselskapet som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

**Følgjande representantar ba om å få vurdert sin habilitet:**

Magne Hestad, AP som styremedlem i Vaksdal Næringssselskap, Amalie Johnsen Lunde, H som styremedlem i Vaksdal Næringssselskap. Hege Eide Vik, Sp, som har møte- og talerett i styremøta til



Vaksdal Næringssselskap, og som er kommunen sin representant i generalforsamlinga.

Karin Groth, Frp, som er varamedlem til styret i Vaksdal Næringssselskap. Boris Groth, Frp som leiar i Vaksdal Næringsråd.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Magne Hestad og Amalie Johnsen Lunde er inhabil med heimel i forvaltningslova §6 første ledd e) 2.

Kommunestyret vedtok samrøystes av Hege Eide Vik, Karin Groth og Boris Groth var habil

Eirik Haga, Ap erstatta Magne Hestad, Ap, Torben Lilletvedt, H erstatta Amalie Johnsen Lunde, H.

### **På vegne av Sp, SV, Høgre og Frp la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande forslag til vedtak:**

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 23.08.2022 og KS 06.09.2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:

- Drøfting av dagens næringssselskap/selskapsstruktur.
- Nye retningslinjer for næringssselskapet som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.

### **Eirik Haga, Ap fremja kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i saka:**

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og vitalisering av Vaksdal Næringssselskap. Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022.

Kommunestyret drøfta saka.

Formannskapet si innstilling til formannskapet vart sett opp mot Ap sitt framlegg til vedtak.

Formannskapet si innstilling vart vedteke med 12 stemmer (H,SP,SV) mot 9 stemmer (Ap,Frp,Krf).

Formannskapet si innstilling vart sett opp SV,Sp og Høgre sitt framlegg. SV,SP og Høgre sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KOM - sak 48/2022 Vedtak/Tilråding:**

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 23.08.2022 og KS 06.09.2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:

- Drøfting av dagens næringssselskap/selskapsstruktur.
- Nye retningslinjer for næringssselskapet som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.

---

### **42/2022: TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2022 - 2025**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**



Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vedt vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 45/2022 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**KOM - sak 42/2022 Vedtak/Tilråding:**

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

-----  
**43/2022: BUDSJETTENDRING OMBYGGING INNBYGGARSERVICE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ombygging i innbyggjarservice blir vedtatt med kostnadsramme på 300 000,- inkl mva. Kostnaden blir finansiert med bruk av ubunde investeringsfond.

Følgjande budsjettjustering blir vedteke:

|                        |   |
|------------------------|---|
| D 300 000,- (inkl mva) | 32300.6000.1300.K40001 (byggekost)        |
| K 240 000,- (eks mva)  | 39400.6000.1300.K40001 (bruk av fond)     |
| K 60 000,- (mva)       | 37290.9990.8410.K99000 (auka mva inntekt) |

Fond: 253080010 (Samla ubundet kap fond teknisk)

**Utsetjingsforslag ført inn i møteportalen av Thor Andersen, AP**

Kommunestyret utsetter saken om budsjettendringen ved ombygging av innbyggjarservice til ordinær budsjettbehandling høsten 2022.

Det vidare arbeidet med organiseringen av tilsette, roller og oppgaver går vidare uten avbrudd.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022**

**Behandling:**

Thor Andersen, Ap stilte spørsmål knytt til saka.  
Kommunedirektøren svarte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 5 stemmer mot 2 (Thor Andersen, Ap og Lisa Johnsen Lunde, Ap)

**FPØ - sak 38/2022 Vedtak/Tilråding:**

Ombygging i innbyggjarservice blir vedtatt med kostnadsramme på 300 000,- inkl mva. Kostnaden blir finansiert med bruk av ubunde investeringsfond.

Følgjande budsjettjustering blir vedteke:

|                        |   |
|------------------------|---|
| D 300 000,- (inkl mva) | 32300.6000.1300.K40001 (byggekost)        |
| K 240 000,- (eks mva)  | 39400.6000.1300.K40001 (bruk av fond)     |
| K 60 000,- (mva)       | 37290.9990.8410.K99000 (auka mva inntekt) |

Fond: 253080010 (Samla ubundet kap fond teknisk)

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

**Thor Andersen, Ap la fram følgjande utsetjingsforslag:**

Kommunestyret utsetter saken om budsjettendringen ved ombygging av innbyggjarservice til ordinær budsjettbehandling høsten 2022.

Det vidare arbeidet med organiseringen av tilsette, roller og oppgaver går vidare uten avbrudd.

Utsetjingsforslaget fekk 6 stemmer (Ap) mot 15 stemmer (SP,SV, H, Frp, Krf) og falt.

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 16 stemmer (SV,Sp,H,Krf,Frp, Magne Hestad, Ap) mot 5 stemmer (Thor Andersen, Ap, Anne Christine Eide, Ap, Lisa Johnsen Lunde, Ap, Eirik Haga, Ap, Britt Brudvik, Ap)

**KOM - sak 43/2022 Vedtak/Tilråding:**

Ombygging i innbyggjarservice blir vedtatt med kostnadsramme på 300 000,- inkl mva. Kostnaden blir finansiert med bruk av ubunde investeringsfond.

Følgjande budsjettjustering blir vedteke:

|                        |   |
|------------------------|---|
| D 300 000,- (inkl mva) | 32300.6000.1300.K40001 (byggekost)        |
| K 240 000,- (eks mva)  | 39400.6000.1300.K40001 (bruk av fond)     |
| K 60 000,- (mva)       | 37290.9990.8410.K99000 (auka mva inntekt) |

Fond: 253080010 (Samla ubundet kap fond teknisk)



**44/2022: AUKE I FESTEAVGIFT FRÅ 1.1.2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 300,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 150,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 36/2022 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

Kommunestyret godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 300,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 150,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 44/2022 Vedtak/Tilråding:**

**Kommunestyret godkjenner slik auke i festeavgiftene:**

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 300,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 150,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

---





**45/2022: KLAGEHANDSAMING - DISPENSASJON FOR Å ETABLERE BILVEG TIL GARLIANE HYTTEFELT, GBNR. 78/1 M.FL., VAKSDAL KOMMUNE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021, vert teken til følgje. Kommunestyret sitt vedtaket om dispensasjon og løyve av 26.10.2021, vert omgjort til avslag på dispensasjonssøknaden.

**Alternativt framlegg til vedtak:**

- Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021 vert ikkje teken til følgje, og vedtak om dispensasjon og løyve av 26.10.2021 vert oppretthalde. Klagen vert sendt til setjestatsforvaltar for endeleg avgjerd.
  - Klagen får oppsetjande verknad inntil endeleg avgjerd ligg føre.

**Forslag frå FrP, ført inn i møteportalen av Boris Groth**

-Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021 vert ikkje teken til følgje, og vedtak om dispensasjon og løyve av 26.10.2021 vert oppretthalde. Klagen vert sendt til setjestatsforvaltar for endeleg avgjerd.

-Klagen får oppsetjande verknad inntil endeleg avgjerd ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

**Boris Groth, Frp la fram kommunedirektøren sitt alternative forslag:**

-Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021 vert ikkje teken til følgje, og vedtak om dispensasjon og løyve av 26.10.2021 vert oppretthalde. Klagen vert sendt til setjestatsforvaltar for endeleg avgjerd.

-Klagen får oppsetjande verknad inntil endeleg avgjerd ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot kommunedirektøren sitt alternative forslag som Frp la fram i møtet.

Kommunedirektøren sitt primære framlegg til vedtak vart vedteke med 4 stemmer (Hege Eide Vik, Sp, Kjartan Haugsnes, SV, Thor Andersen, Ap og Lisa Johnsen Lunde, Ap) mot 3 stemmer (Boris Groth, Frp, Amalie Johnsen Lunde, H, og Erlend Hesjedal- Johannessen).

**FPØ - sak 41/2022 Vedtak/Tilråding:**



**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

· Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021, vert teken til følgje. Kommunestyret sitt vedtaket om dispensasjon og løyve av 26.10.2021, vert omgjort til avslag på dispensasjonssøknaden.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

**På vegne av Frp la Boris Groth fram følgjande forslag til vedtak:**

-Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021 vert ikkje teken til følgje, og vedtak om dispensasjon og løyve av 26.10.2021 vert oppretthalde.  
Klagen vert sendt til setjestatsforvaltar for endeleg avgjerd.

-Klagen får oppsetjande verknad inntil endeleg avgjerd ligg føre.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret vart sett opp mot Frp sitt framlegg til vedtak.

Formannskapet si innstilling vart vedteke med 12 stemmer (SV, AP, Renathe Vik, Sp, Karin Nordheim, Sp) mot 9 stemmer (H, Frp, Krf, Ivar Berge, Sp og Hege Eide Vik Sp).

**KOM - sak 45/2022 Vedtak/Tilråding:**

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021, vert teken til følgje. Kommunestyret sitt vedtaket om dispensasjon og løyve av 26.10.2021, vert omgjort til avslag på dispensasjonssøknaden.

---

**46/2022: INNSTILLING TIL ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE ETTER OFFENTLEG HØYRING**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i "Forskrift om forvaltning av hjortevilt" § 6, jf. § 1, vedtek kommunestyret ny forskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommunen etter offentleg høyring:

**Endringsforskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland**

**Heimel:** Fastsett av Vaksdal kommunestyre 10. mai 2022 med heimel i [lov 29. mai 1981 nr. 38](#) om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og [forskrift 8. januar 2016 nr. 12](#) om forvaltning av hjortevilt § 6.

**§ 1** Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland.

**§ 2** Minstearealet for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve på hjort, er sett til følgjande:

- SONE 1: 400 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.



## Vaksdal kommune

- SONE 2: 600 daa for vald med teljande areal frå Rødberg til områda kring Vaksdal (ikkje Sædalen), Stanghelle/Dale, Bolstadfjorden og Stamnes, samt på Faugstad og i Brørvik.
- SONE 3: 750 daa for vald med teljande areal i Bergsdalen, på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, utan Faugstad, og i Dalane/Mellesdalen. I tillegg inngår hjortevalda i Modalen kommune og Evanger Vest hjortevald og Evanger Sør hjortevald i Voss herad i sona, grunna medlemskap i Storfjellet bestandsplanområde og Vaksdal-Evanger bestandsplanområde, med Vaksdal som administrasjonskommune.

Oversyn for hjortevald med minsteareal går fram av sak 22/73 i kommunen sitt sakssystem

**§ 3** Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar «Forskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland» av 06.04.17 (FOR-2017.04.03-442).

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022**

#### **Behandling:**

Hege Eide Vik, Sp stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, då foreldre er grunneigar og gjekk frå under behandling av habilitetsspørsmålet. Formannskapet vedtok samrøystes at ho er habil til å behandle saka.

Boris Groth, Frp stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, då foreldre er grunneigar og gjekk frå under behandling av habilitetsspørsmålet. Formannskapet vedtok samrøystes at han er habil til å behandle saka.

#### **Ordførar la fram følgjande endringsframlegg:**

SONE 1: 250 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak om sone 1 vart sett opp mot ordførar sitt framlegg til vedtak.

Ordførar sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FPØ - sak 47/2022 Vedtak/Tilråding:**

#### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Med heimel i "Forskrift om forvaltning av hjortevalt" § 6, jf. § 1, vedtek kommunestyret ny forskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommunen etter offentlig høyring:

#### **Endringsforskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland**

**Heimel:** Fastsett av Vaksdal kommunestyre 10. mai 2022 med heimel i [lov 29. mai 1981 nr. 38](#) om jakt og fangst av vilt (viltloven) [§ 16](#) og [forskrift 8. januar 2016 nr. 12](#) om forvaltning av hjortevalt [§ 6](#).

**§ 1** Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland.

**§ 2** Minstearealet for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve på hjort, er sett til følgjande:



## Vaksdal kommune

- SONE 1: 250 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.
- SONE 2: 600 daa for vald med teljande areal frå Rødberg til områda kring Vaksdal (ikkje Sædalen), Stanghelle/Dale, Bolstadfjorden og Stamnes, samt på Faugstad og i Brørvik.
- SONE 3: 750 daa for vald med teljande areal i Bergsdalen, på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, utan Faugstad, og i Dalane/Mellesdalen. I tillegg inngår hjortevalda i Modalen kommune og Evanger Vest hjortevald og Evanger Sør hjortevald i Voss herad i sona, grunna medlemskap i Storfjellet bestandsplanområde og Vaksdal-Evanger bestandsplanområde, med Vaksdal som administrasjonskommune.

Oversyn for hjortevald med minsteareal går fram av sak 22/73 i kommunen sitt sakssystem

**§ 3** Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar «Forskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland» av 06.04.17 (FOR-2017.04.03-442).

### **Kommunestyret 10.05.2022**

#### **Behandling:**

#### **Følgjande representantar ba om å få vurdert sin habilitet:**

Karin Groth, som grunneigar, Boris Groth som son av grunneigar, Hege Eide Vik som datter av grunneigar og Ivar Bergo som grunneigar.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Karin Groth, Boris Groth, Hege Eide Vik og Ivar Bergo ikkje er inhabil i saka.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

#### **KOM - sak 46/2022 Vedtak/Tilråding:**

Med heimel i "Forskrift om forvaltning av hjortevalt" § 6, jf. § 1, vedtek kommunestyret ny forskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommunen etter offentlig høyring:

#### **Endringsforskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland**

**Heimel:** Fastsett av Vaksdal kommunestyre 10. mai 2022 med heimel i [lov 29. mai 1981 nr. 38](#) om jakt og fangst av vilt (viltloven) [§ 16](#) og [forskrift 8. januar 2016 nr. 12](#) om forvaltning av hjortevalt [§ 6](#).

**§ 1** Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland.

**§ 2** Minstearealet for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve på hjort, er sett til følgjande:

- SONE 1: 250 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.
- SONE 2: 600 daa for vald med teljande areal frå Rødberg til områda kring Vaksdal (ikkje Sædalen), Stanghelle/Dale, Bolstadfjorden og Stamnes, samt på Faugstad og i Brørvik.
- SONE 3: 750 daa for vald med teljande areal i Bergsdalen, på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, utan Faugstad, og i Dalane/Mellesdalen. I tillegg inngår hjortevalda i Modalen kommune og Evanger Vest hjortevald og Evanger Sør hjortevald i Voss herad i sona, grunna medlemskap i Storfjellet bestandsplanområde og Vaksdal-Evanger bestandsplanområde,



med Vaksdal som administrasjonskommune.

Oversyn for hjortevald med minsteareal går fram av sak 22/73 i kommunen sitt sakssystem

**§ 3** Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar «Forskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland» av 06.04.17 (FOR-2017.04.03-442).

---

#### **47/2022: STRATEGISK NÆRINGSPLAN 2022-2035**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Strategisk Næringsplan for Vaksdal kommune blir vedteke slik den ligg føre.
2. Strategisk Næringsplan skal rullerast kvart fjerde år, første gong våren 2026.

##### **FPØ 35/2022 - Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

1. Strategisk Næringsplan for Vaksdal kommune blir vedteke slik den ligg føre.
2. Strategisk Næringsplan skal rullerast kvart fjerde år, første gong våren 2026.
3. Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og endring av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:- Endring av dagens næringssekskap/selskapsstruktur.- Nye retningslinjer for eit eventuelt næringssekskap som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.
4. Det vert utarbeida ein konkret handlingsplan med målbare mål, delmål og ansvarsfordeling for gjennomføring av Strategisk Næringsplan. Handlingsplanen vert lagt fram for vedtak innan siste kommunestyremøte i 2022.

##### **Forslag ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV**

Redaksjonell endring.

Pkt. 3 i innstillinga frå FPØ utgår, jfr. vedtak i sak 48/22

##### **Kommunestyret 10.05.2022**

##### **Behandling:**

##### **Kjartan Haugsnes, SV la fram følgjande forslag til vedtak.**

Pkt. 3 i innstillinga frå FPØ utgår, jfr. vedtak i sak 48/22

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Kjartan Haugsnes sitt framlegg vart samrøystes vedteke.



**KOM - sak 47/2022 Vedtak/Tilråding:**

1. Strategisk Næringsplan for Vaksdal kommune blir vedteke slik den ligg føre.
2. Strategisk Næringsplan skal rullerast kvart fjerde år, første gong våren 2026.
3. Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og endring av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:- Endring av dagens næringssekskap/selskapsstruktur.- Nye retningslinjer for eit eventuelt næringssekskap som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.
4. Det vert utarbeida ein konkret handlingsplan med målbare mål, delmål og ansvarsfordeling for gjennomføring av Strategisk Næringsplan. Handlingsplanen vert lagt fram for vedtak innan siste kommunestyremøte i 2022.

Pkt. 3 i innstillinga frå FPØ utgår, jfr. vedtak i sak 48/22

---

**49/2022: INTERPELLASJON - MAKSPRIS PÅ STRAUM**

**Kommunestyret 29.03.2022**

**Behandling:**

Av omsyn til klokkeslett og resterande saker i møtet samtykka kommunestyret til at interpellasjonar vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

**KOM - sak 31/2022 Vedtak/Tilråding:**

Saka vart utsett.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

Interpellanten la fram saka.

Han la i tillegg fram følgjande forslag til vedtak:

1. Vaksdal kommune støttar LVK sitt krav om auka straumstøtte for sluttbrukarmarknaden på prisar over 45 øre/kWh, som eit mellombels strakstiltak, og som skal gjelde for alle forbrukararar, husholdningar og næringsliv.

2. Vaksdal kommune som vertskommune for vasskraft ber om at regjeringa prioriterer å få på plass reguleringar i høve eksport og magasinifylling, som på lengre sikt skal hindre den energisituasjonen Noreg er i idag

**Ordførar gav slikt svar:**



Vinteren 2021/2022 har me opplevd straumprisar som har vore ekstreme i norsk samanheng. Regjeringa var raskt ute med kompensasjon til hushaldningar. Denne ordninga er god, og famnar alle. Utfordringa er todelt. Me må på sikt bli meir energismarte i dette landet. Samstundes lever me i eit kaldt land og situasjonen er utfordrande for dei av oss som ikkje har marginar til desse tusenlappane ekstra i privatøkonomien sin.

Delar av næringslivet opplever også store utfordringar no. Særleg små og mellomstore bedrifter med små marginar melder om at det er hardt å stå i denne økonomiske situasjonen over tid.

Verdsospennande pandemi og krig i Europa. Dette er situasjonar som har påverka økonomien vår sterkt, og som vil halde fram med å gjere det. Dei langsiktige løysingane på straumpriskrisa må koma på plass, og her veit me mellom anna at finansministeren ser på moglegheit for fastprisavtalar på straum. Ein vil sjå om ein saman med straumselskapa kan etablere ordningar som gir større forutsigbarhet og hindrar pristoppene for norske forbrukarar. På lang sikt er det viktig å innrette eit godt system, slik at ein ikkje til ei kvar tid er avhengig av subsidiar. Dette systemet er nytt, og det tar tid å etablere (VG 17.2). Tid små bedrifter gjerne ikkje har.

Som ein kan lese av møttereferatet som interpellanten viser til, deltok også ordførarar frå Arbeiderpartiet; Roald Aga Haug, Jon Rolf Næss og Senterpartiet; Saxe Frøshaug i møtet med Olje- og energiministeren saman med LVK. Det er viktig å formidle kunnskap frå ulike delar av landet inn til regjeringa. Eg har også løfta straumprisutfordringa til partiet sentralt gjennom mine kanalar. Eg støttar LVK sine vurderingar, og er med på å be om ei midlertidig krisehjelp i påvente av meir langsiktige løysingar. Eg vil derfor gje støtte til interpellanten sitt justerte framlegg til vedtak, og eg håpar Vaksdal kommunestyre vil samle seg om å sende eit signal til regjeringa.

Kommunestyret drøfta saka.

Kjartan Haugsnes, SV sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 15 stemmer (SV,Sp,H, Frp, Krf) mot 6 stemmer (Ap).

### **KOM - sak 49/2022 Vedtak/Tilråding:**

1. Vaksdal kommune støttar LVK sitt krav om auka straumstøtte for sluttbrukarmarknaden på prisar over 45 øre/kWh, som eit mellombels strakstiltak, og som skal gjelde for alle forbrukararar, husholdningar og næringsliv.

2. Vaksdal kommune som vertskommune for vasskraft ber om at regjeringa prioriterer å få på plass reguleringar i høve eksport og magasinufylling, som på lengre sikt skal hindre den energisituasjonen Noreg er i idag

---

**50/2022: INTERPELLASJON - GRATIS SANITÆRPRODUKT VED SKULANE I VAKSDAL**

**Kommunestyret 29.03.2022**

**Behandling:**



Av omsyn til mengde saker og tidsbruk samtykka kommunestyret til at interpellasjonar vart utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

**KOM - sak 32/2022 Vedtak/Tilråding:**

Saka vart utsett.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

Interpellant Line Kydland la fram interpellasjonen.

**Interpellanten la fram følgjande forslag til vedtak:**

Kommunestyret ber om at det innan kommunestyret i juni 2022 vert lagt fram sak om ei prøveordning for korleis ein praktisk og økonomisk kan få på plass gratis sanitærprodukt på skulane i Vaksdal frå skuleåret 2022-2023.

**Ordførar gav slikt svar:**

Ordførar støttar interpellanten og innsendarane, og ynskjer at me får ei sak der me kan ta stilling til om me vil lage ei ordning med gratis sanitærprodukt ved skulane våre.

Det vart deretter opna for debatt.

Interpellanten sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 50/2022 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret ber om at det innan kommunestyret i juni 2022 vert lagt fram sak om ei prøveordning for korleis ein praktisk og økonomisk kan få på plass gratis sanitærprodukt på skulane i Vaksdal frå skuleåret 2022-2023.

---

**51/2022: INTERPELLASJON - KONTROLL AV BYGGPLASSAR MED VAKSDAL KOMMUNE SOM BYGGHERRE**

**Forslag frå Ap, ført inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap.**

Kommunestyret ber administrasjonen komme tilbake i neste kommunestyremøte med egen sak som omhandler lovgrunnlaget og eventuelt rettskraftig dom som hindrer Vaksdal kommune å stille krav om tariff som en del av konkurransegrunnlaget.

1. Lovligheten av å kreve tariffavtale som en del av anbudsgrunnlaget.
2. Maksimant antall ledd i underleverandørkjeden
3. Krav om lærlingeordning i bedriftene





**Kommunestyret 29.03.2022**

**Behandling:**

Av omsyn til mengde saker og tidsbruk samtykka kommunestyret til at interpellasjonar vart utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

**KOM - sak 33/2022 Vedtak/Tilråding:**

Saka vart utsett.

**Kommunestyret 10.05.2022**

**Behandling:**

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

**Han stilte følgjande spørsmål til ordførar:**

*Hvilke tiltak har Vaksdal kommune satt i gang i forhold til de to innmeldte bruddene på arbeidsplassforskriften.*

*PEAB-Nordang er totalentreprenør for bygging av nye Vaksdal skole. Har bedriften opprettet tariffavtale for sine ansatte.*

*Leigland Bygg AS er det samme på nye helse og omsorgsbygget på Vaksdal. Har bedriften opprettet tariffavtale for sine ansatte.*

*Med tariffavtale menes avtale mellom en fagforening og arbeidsgiver eller arbeidsgiverforening. Ikke allmengjorte avtaler.*

**Ordførar gav slik svar:**

Vaksdal kommune, PEAB og Leigland Bygg støttar brakkeaksjonen og deira formål med å sikre gode garderobetilhøve på byggeplassar.

Som byggherre har kommunen fylgt opp og sett til at garderobetilhøve og toalettfasilitetar er tilfredsstillande og iht. forskrift på begge byggeplassar. Dette gjeld for både kvinner og menn, med adskilte garderobar og toalett. Det som er omtalt her vart også påpeika raskt av kommunen sin kontroll med byggeplassen. I båd tilfelle vart dette raskt retta opp.

I samband med utarbeiding av konkurransegrunnlaget for prosjektet Vaksdal skule vart krava kvalitetssikra juridisk. Krava til lønns- og arbeidsvilkår må utformast i samsvar med gjeldande lovgeving og kommunen kunne ikkje stille krav om tariffavtale, men bruke lovteksten i forskrifta som gjeld for dette. Dette var informert om og drøfta i formannskapet i samband med saka i 2020. I anbudsutlysinga for Vaksdal skule og helse og omsorgsbygget vart det stilt krav i samsvar med forskrift på området.

*Forskriften bestemmer at ansatte hos leverandøren og/eller underleverandøren som utfører arbeid på kontrakten skal ha lønns- og arbeidsvilkår enten etter en allmenngjøringsforskrift eller en landsomfattende tariffavtale for den aktuelle bransjen som kontraktsarbeidet gjelder. Leverandøren er ikke forpliktet til å inngå en tariffavtale, men hvis leverandøren har inngått en egen tariffavtale med sine arbeidstakere, og det også finnes en aktuell allmenngjøringsforskrift eller en aktuell landsomfattende tariffavtale, må lønns- og arbeidsvilkårene minst tilsvare vilkårene i allmenngjøringsforskriften eller i den landsomfattende tariffavtalen som gjelder for bransjen. Ved førespurnad har entreprenøren ved Vaksdal skule, PEAB, stadfesta at dei har tariffavtale i*



bedrifta. Entreprenøren ved Jamnetunet, Leigland bygg, har stadfesta at deira bedrift ikkje har tariffavtale hjå seg.

Vaksdal kommune har som byggherre eit ansvar for å fylgje opp at entreprenørane oppfyller dei krav som er stilt vedrørende lønsvilkår, og byggherren har difor gjennomført tilsyn av dokumentasjon for dette.

**Interpellanten fekk ordet på nytt og la fram følgjande forslag til vedtak:**

Kommunestyret ber administrasjonen komme tilbake i neste kommunestyremøte med egen sak som omhandler lovgrunnlaget og eventuelt rettskraftig dom som hindrer Vaksdal kommune å stille krav om tariff som en del av konkurransegrunnlaget.

1. Lovligheten av å kreve tariffavtale som en del av anbudsgrunnlaget.
2. Maksimalt antall ledd i underleverandørkjeden
3. Krav om lærlingeordning i bedriftene

Det vart deretter opna for debatt.

Erlend Hesjedal-Johannessen, H ba om og fekk innvilga tid til gruppemøte.

Forslag til vedtak vart vedteke med mot 4 stemmer, (Trond Olav Magnussen, H, Edvin Hesjedal, H, Boris Groth, Frp og Karin Groth, Frp)

**KOM - sak 51/2022 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret ber administrasjonen komme tilbake i neste kommunestyremøte med egen sak som omhandler lovgrunnlaget og eventuelt rettskraftig dom som hindrer Vaksdal kommune å stille krav om tariff som en del av konkurransegrunnlaget.

1. Lovligheten av å kreve tariffavtale som en del av anbudsgrunnlaget.
  2. Maksimalt antall ledd i underleverandørkjeden
  3. Krav om lærlingeordning i bedriftene
-



## **SYNGJANDE KOMMUNESTYRE**

Kommunestyret opne møte med å syngja songen "Vestlandet".

## **OPEN HALVTIME**

Open halvtime var annonsert i VaksdalPosten, på kommunen si nettside og facebookside. Det var ingen frammøtte som ønskja ordet.

## **ORIENTERINGAR**

Dagleg leiar for BIR hushaldning AS John Gaute Kvinge orienterte om utfordringar knytt til renovasjon i Vaksdal kommune.

Statsforvaltar i Vestland ved miljødirektør Kjell Kvingedal og seniorrådgjevar Magnus Johan Steinsvåg orienterte om oppdrag Øystesefjella nasjonalpark

### **Orientering frå ordførar**

- LVK, konsesjonskraft og eigedomsskatt
- Elevbesøkt for å sjå korleis ordførar jobbar og kommunen fungerer
- Frivilligåret og vellukka arrangement med Marco Elsafadi
- Markering av 400 års jubileum Ingeborgs legat i Dalesalen 24.05.22
- K5
- Interkommunal plan for sjøareal
- Møte med Vaksdal næringsråd

### **Orientering frå varaordførar**

- Møte mellom Forum Nye Bergensbanen og SV - "Bergensbanen 4 timar"
- Samling i Ullensvang for industrikommunar i regi av Vestland fylkeskommune og kraftproduksjon.

### **Orientering frå kommundirektøren**

- Deltok saman med varaordførar i Ullensvang
- Bompengar i samband med K5
- Busetjing av flyktningar i Vaksdal
- Stillinga politisk sekretær og arkivleiar
- Behov for fleire tilsetjingar innan samfunnsutvikling

## **SPØRSMÅL**

Skriftlege spørsmål vart fulgt opp under referatsaker. Skriftlege spørsmål med svar er vedlagt protokollen.

Erlend Hesjedal- Johannessen, H stilte spørsmål knytt til fartsdumpar og asfalt på kommunale vegar. Kommunedirektøren svarte at han vil koma tilbake med eit svar i neste kommunestyremøte.

Boris Groth, Frp stilte spørsmål knytt til om kommunen kan bidra til 100 årsmarkering for Gåsedammens venner.

Kommunedirektøren svarte.



## Vaksdal kommune

Edvin Hesjedal, H stilte spørsmål knytt til oppfølging av familiar som vert direkte berørt og mister heimane ved K5-utbygginga.

Kommunedirektøren svarte.

Amalie Johnsen Lunde, H stilte spørsmål knytt til fare for at mur ved Vikavegen er i ferd med å rase ut. Var dette oppdaga då prioriteringslista vart sett?

Kommunedirektøren vil svare ut spørsmålet i neste kommunestyremøte.

Karin Groth, Frp stilte spørsmål knytt til hull som er til fare for bilane ved innkøyring til kommunesenteret på fylkeskommunal veg. I tillegg stilte ho spørsmål knytt til fjerning av vegetasjon langs Bergsdalsvegen. Fylkeskommunen viser til at dette er grunneigar sitt ansvar, men at dei må gjerast merksam til dette.

Kommunedirektøren svarte.